

VEKE 19 Vekeplan for 3A 6. mai – 10. mai



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.45 – 10.00	Helgesnakk. Matte: MatteMaraton.	Lesekvart. Matte: MatteMaraton.	08.45 – 09.45 Matte: MatteMaraton.		
10.00 – 10.30	Friminutt	Friminutt	09.45 – 10.00 Friminutt		
10.30 – 11.15	Norsk: 17. mai.	Samfunnsfag: 17. mai.	10.00 – 10.45 Norsk: 17. mai.		
11.15 – 11.45	Mat	Mat	10.45 – 11.15 Mat		
11.45 – 12.30	Friminutt	Friminutt	11.15 – 11.45 Friminutt		
12.30 – 14.00	★ Høgtlesing: <i>Ronja Røverdatter.</i> ★ Utegym.	K&H – Todeling: Sy bamse og laga nøkkelring.	11.45 – 12.30 KRLE: Kristi himmelfartsdag.		
	Skuleslutt 14.00	Skuleslutt 14.00	Skuleslutt 12.30		

MÅL FOR VEKA:

Norsk: Eg kan svara skriftleg på spørsmål frå ein faktatekst.

Matte: Eg kan logga km i MatteMaraton.

Sosialt: Eg kan visa at eg bryr meg om korleis andre har det.





VEKELEKSA

Norsk: Les teksten du har fått om 17. mai.

Les i 10 minutt kvar skuledag, finn ei bok om du er ferdig med 17. maiteksten.

Matte: Arbeid i minst 15 minutt på MatteMaraton.



Informasjon

Det er eit par fridagar på slutten av denne veka, me vel derfor å ta vekk øveord og gloser. Engelsk utgår også, og me har då god tid til MatteMaraton og tema om 17. mai i både samfunnsfag og norsk. Dei praktiske faga går som vanleg.

Elevane lagde bøker i book creator i førre veke, og dei var både flinke og ivrige. Dei fekk velja tema heilt sjølv, og gjorde alt sjølv utan innblanding frå vaksne, me var berre der for å støtta dei undervegs. Nokon lagde faktabøker, og nokon teikneseriar. Det blei mange flotte bøker, og elevane får si eiga bok med seg heim. De kan også logga dykk inn på book creator (berre å googla, og elevane veit korleis dei kjem seg inn). Her kan de lesa alle sine bøker, men det er kun mogleg å redigera si eiga bok.

Elevane kjem ofte med ønskje om aktivitetar til gym, og det er kjekt at dei får vera med å bestemma litt. Elevane får derfor planlegga ein gymtime kvar sin gong to og to eller tre stk saman. I veke 16 var det Matheo, Even og Samuel som valgte aktivitetar, i førre veke var det Isrid og Elida og denne veka er det Levi, Sebastian og Ulrik.



Beste helsing oss på 3.trinn

Mobiltelefon Helen: 909 31 471, E-post: helen.tallis-reistad@samnanger.kommune.no

Kontakttid: Onsdagar kl.11.45-12.30

Skulen si heimeside: www.minskole.no/Samnanger, Telefon til skulen: 565 89 980